



Referanser:

Arkivsak: 24/02345-1

Saksdokumenter:

21_03864-95 Truvedkjenninga 1396788_1_1

Notat om skaparen eller som skapte

Notat om avle, unnfange eller verte til

Truvedkjenninga - nynorsk omsetjing

Samandrag

Denne saka handlar om to element i den nynorske omsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga.

For det første gjeld det omsetjinga av setninga i fyrste trusartikkel der det på nynorsk heiter: «*Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord*». I bokmålsversjonen heiter det «*Jeg tror på Gud Fader, den allmechtige, himmelens og jordens skaper*».

Bokmålsforma understrekar Guds rolle som ein aktiv skapar. Ho skildrar korleis Gud skapte himmel og jord, og at Gud sin gode gjerning framleis er pågåande.

Nynorskforma er meir nøytral, og det vert hevda at Gud ikkje vert framheva som ein aktiv skapar på same måten. Enkelte meiner at det kan verke som om Gud har trekt seg attende etter å ha skapt.

Saka handlar om det er mogleg å finne ein annan måte å omsetje fyrste trusartikkel til nynorsk på, om det er naudsynt å gjere det, og om ei endring av truvedkjenninga kan tilrådest.

For det andre gjeld saka ordet «avla» i nynorskomsetjinga av andre trusartikkel. Der står det «*som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy*». Det kan hevdast at ordet «avla» er noko framandt og gamaldags. Saka handlar også om dette ordet bør endrast i nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga.

Språkrådet og Nemd for gudstjenesteliv (NFG) er konsultert og har gitt sine tilrådingar.

Forslag til vedtak

Den apostoliske truvedkjenninga er ei av dei viktigaste vedkjenningane i den lutherske kyrkja. Formuleringa og omsetjinga står i ein lang tradisjon. Bispemøtet meiner prinsipielt at

det ikkje bør gjerast endringar i denne typen tekst utan at desse endringane inneber tydelege forbetringar av teksten.

Bispemøtet vil gå inn for ei endra nynorsk omsetjing av den apostoliske truvedkjenninga sin fyrste artikkel. Sjølv om formuleringa og omsetjinga står i ein lang tradisjon og har sterke parallellar til det bibelske språket, meiner Bispemøtet at det er viktig at dei to omsetjingane av truvedkjenninga på nynorsk og bokmål ligg så nær opp til kvarandre som mogleg.

Bispemøtet meiner dessutan at den aktive forma på bokmål rommar den teologiske forståinga av skapinga på ein betre måte enn den nynorske gjer i dag. Den teologiske forståinga vil ivaretakast betre ved å endre nynorskomsetjinga.

Bispemøtet føreslår derfor å endre nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga til: *«Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, skapar av himmel og jord»*

Bispemøtet ber Kyrkerådet førebu og gjennomføre nødvendig vidare saksgang med tanke på vedtak i Kyrkjemøtet.

Bispemøtet går ikkje inn for ei endra nynorsk omsetjing av den apostoliske truvedkjenninga sin andre trusartikkel, *«som vart avla ved Den heilage ande»*.

Sjølv om «unnfange» er teke inn fleire stader i den nynorske omsetjinga av Bibelen (2011 og 2024), har «avla» vorte halde på i det mest relevante verset i Matteus 1,20: *«For barnet som er avla i henne, er av Den heilage ande.»*

Bispemøtet takkar Språkrådet og Nemnd for gudstenesteliv for grundig arbeid med denne saka.

Saksorientering

Bakgrunn

Som skapte himmel og jord

Bispemøtet fekk i august 2023 ei førespurnad som omhandla nynorskomsetjinga av den apostoliske truvedkjenninga sin fyrste artikkel. Her er teksten oppstilt både på bokmål og nynorsk:

Bokmål: *«Jeg tror på Gud Fader, den allmechtige, himmelens og jordens skaper.»*

Nynorsk: *«Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.»*

I førespurnaden blir det lagt vekt på at bokmålsforma understrekar og framhevar Gud som ein aktiv skapar. På bokmål vert det skildra korleis Gud skapte himmel og jord, og setninga er formulert slik at ein kan oppleve at Guds gode skapargjerning framleis pågår, noko vi kan sjå rundt oss. Gud skaper framleis – kvart år, kvar dag og kvar time.

Nynorskforma, derimot, er meir nøytral og passiv: «...som skapte». Omsetjinga framhevar ikkje Gud som ein aktiv skapar på same måte som bokmålsversjonen. Dersom Gud som skapar vert skildra på denne måten, kan det høyrest ut som om Gud trekkjer seg tilbake etter skapinga. Dette kan være ei form for «deisme», heiter det i førespurnaden til Bispemøtet.

At det skal vere eit betydeleg teologisk avvik mellom desse målformene, er truleg ikkje ynskjeleg, og førespurnaden oppmodar Bispemøtet til å vurdere dette teologisk, og ber om ei ny formulering av den nynorske omsetjinga.

Avla

Under arbeidet med det ovennemnde spørsmålet har det òg kome innspel om at ordet «avla» er utdatert. Ordet blir nytta i den apostoliske truvedkjenninga sin andre trusartikkel.

Her oppstilt både på bokmål og nynorsk:

Nynorsk: «*Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande.*»

Bokmål: «*Jeg tror på Jesus Kristus, Guds enbårne sønn, vår Herre, som ble unnfanget ved Den hellige ånd.*»

I arbeidet med omsetjing av truvedkjenninga er det lyfta fram at ein òg bør sjå på andre formuleringar i truvedkjenninga som kan ha behov for å endrast. Det har då kome innspel om at ordet «avla» har ein forelda klang i våre dagar.

Ein kan kanskje seie at ordet «avla» gjennom åra har blitt «okkupert» av språket innan husdyrhaldet. Det er i den sektoren det hovudsakleg vert brukt no. Ingen foreldre i noko nynorskdistrikt vil truleg i dag snakke om at barnet deira er 'avla'. Det er difor eit ynske om å drøfte ordbruken for å greie ut moglegheitene for ei anna omsetjing.

Den apostoliske truvedkjenninga

Den apostoliske truvedkjenninga er ein av dei eldste vedkjenningane i kristendommen. Ho representerer eit sentralt uttrykk for kristen tru og har vore brukt i liturgiske samanhengar i hundreår. Historia hennar er kompleks, og utviklinga av ho som ei samanhengande truvedkjenning er knytt til både teologiske, liturgiske og kyrkjehistoriske utviklingar. Den apostoliske truvedkjenninga har opphavet sitt i det som ofte blir kalla «den gamle romerske truvedkjenninga» (Symbolum Romanum), som var i bruk i den romerske kyrkjelyden på 100- og 200-talet. Dette var ei enkel vedkjenning som kandidatar erklærte før dei vart døypte. Truvedkjenninga vart opphavleg formulert for å stadfeste dåpskandidatane si tru, spesielt i møte med ulike heresiar som utfordra den tidlege kyrkja. I denne samanhengen var vedkjenninga ein viktig del av den kateketiske undervisninga, som fungerte som ei kortfatta oppsummering av den kristne trua.

Den nøyaktige forma av den apostoliske truvedkjenninga som vi kjenner ho i dag, vart ikkje ferdig formulert før på 700-talet, sjølv om kjernen hennar kan sporast tilbake til dei tidlege kristne vedkjenningane. Ho vart gradvis utforma gjennom samspel mellom forskjellige regionale truvedkjenningar i Vesten, spesielt gjennom påverknad frå kyrkjer i Gallia (dagens Frankrike) og Roma.

Den apostoliske truvedkjenninga er strukturert i tre delar, som kvar fokuserer på eit medlem av den heilage treeininga: Faderen, Sonen, og Den heilage ande. Denne treeinige strukturen reflekterer den tidlege kyrkja sitt fokus på å tydeleggjere dei sentrale aspekta av kristen tru, spesielt i forhold til treeiningslæra, som var eit sentralt emne for teologisk debatt i dei første hundreåra av kristendommen.

Truvedkjenninga sin tekst inkluderer referansar til sentrale kristne dogme, som skapinga, inkarnasjonen, Jesu død og oppstode, samt håpet om det evige liv. Ved å gjere dette, fungerer den apostoliske truvedkjenninga som ei oppsummering av den bibelske forteljninga, frå skapinga til den endelege forløyse.

Gjennom historia har den apostoliske truvedkjenninga vore ein viktig del av den vestlege kristne tradisjonen. Ho har blitt brukt som ei dåpsvedkjenning, som ein del av dagleg bøn, og i liturgiske samanhengar, spesielt i den romersk-katolske kyrkja, den anglikanske kyrkja, og fleire protestantiske kyrkjesamfunn. Truvedkjenninga er også brukt som ei stadfesting av trua i ulike økumeniske samanhengar, ettersom ho uttrykker ei felles kristen tru som går på tvers av konfesjonelle skiljelinjer.

I mellomalderen vart truvedkjenninga også eit pedagogisk verktøy, brukt i katekese for å undervise både barn og nyomvende i dei grunnleggjande elementa av kristen tru. Den korte, men omfattande, forma gjorde ho til eit ideelt reiskap for memorering og undervisning.

I dag held den apostoliske truvedkjenninga fram med å vere ein levande del av kristen tradisjon. Ho blir brukt i liturgiske samanhengar, og formuleringane gir framleis ei sentral referanse for kristen tru og praksis. I ein økumenisk kontekst fungerer ho som eit bindeledd mellom ulike kristne tradisjonar, og ho blir ofte brukt i økumeniske gudstenester for å uttrykke ei felles tru på tvers av konfesjonelle grenser.

Omsetjinga

Den apostoliske truvedkjenninga vart omsett til nynorsk gjennom ein prosess som involverte fleire revisjonar og tilpassingar. Den første offisielle omsetjinga av truvedkjenninga til nynorsk vart utgjeven av Den norske kyrkja i 1889 som ein del av arbeidet med å gjere kyrkjelege tekstar tilgjengelege på begge målformer.

Omsetjinga til nynorsk vart gjort for å reflektere det språklege mangfaldet i Noreg og for å gje nynorskbrukarar høve til å delta i kyrkjelege handlingar på sitt eige mål. Språket i truvedkjenninga på nynorsk har blitt justert over tid for å sikre at det er i tråd med moderne språknormer, samtidig som det tek vare på det tradisjonelle og teologiske innhaldet.

Elias Blix (1836–1902) var viktig i utviklinga av nynorsk som kyrkje- og liturgispråk. Han spelte ei avgjerande rolle i omsetjinga av kyrkjelege tekstar, inkludert salmar og delar av Bibelen, til nynorsk. Sjølv om Blix ikkje direkte omsette den apostoliske truvedkjenninga til nynorsk, bidrog han betydeleg til den språklege og kulturelle konteksten som gjorde det mogleg å omsette slike viktige tekstar til nynorsk.

Gjennom arbeidet sitt med salmar og religiøse tekstar la Blix grunnlaget for den seinare omsetjinga av truvedkjenninga og andre liturgiske tekstar til nynorsk. Han var ein del av ei breiare rørsle som arbeidde for å få nynorsk anerkjent som eit likeverdig kyrkje- og kulturspråk ved sida av bokmål (riksmål). Blix' bidrag til å løfte nynorsk som kyrkjespråk var derfor svært viktig for at truvedkjenninga, saman med andre sentrale kyrkjelege tekstar, kunne bli omsett og brukt i gudstenester på nynorsk.

Gud som kontinuerleg skapar: Ein teologisk refleksjon

I kristen teologi blir Gud sett på som Skaparen, ikkje berre i fortida, men også som ein aktiv og kontinuerleg skapar i notida. Denne forståinga av Gud som skaper kjem frå ei djup bibelsk forankring, kombinert med refleksjonar innan systematisk teologi, der omgrepet «creatio continua» (kontinuerleg skaping) har vorte utvikla.

Bibelsk grunnlag

Skapingsberetningane i 1. Mosebok 1-2 viser Guds første handling i å skape universet. «I byrjinga skapte Gud himmelen og jorda» (1. Mos 1,1). Men Bibelen avgrensar ikkje Guds skapingsverk til eit augeblink i fortida. Til dømes i Salme 104,29-30 finn vi eit tydeleg uttrykk for korleis Gud skaper kontinuerleg: «Når du skjuler ditt andlet, forferdast dei, når du tar deira ånd bort, dør dei og vender tilbake til støvet. Når du sender din ånd, vert dei skapte, og du gjer jorda ny.» Dette verset illustrerer ein dynamisk skapingsprosess, der Gud stadig opprettheld og fornyar skapinga gjennom sin Ande.

Skapinga blir halden oppe

Teologisk er det viktig å skilje mellom Guds første skaping, «creatio ex nihilo» (skaping frå intet), og den kontinuerlege handlinga av «creatio continua». I «creatio ex nihilo» skapte Gud alt som eksisterer frå ingenting. Dette er eit fundamentalt prinsipp i kristendommen, som set Gud i ein heilt unik posisjon som den einaste sanne Skapar. Men sjølv etter den første skapinga fortset Gud å oppretthalde universet.

Thomas Aquinas hevda at Guds skaping ikkje berre handlar om å skape noko og deretter forlate det, men at Gud aktivt held oppe alt som eksisterer. Utan Guds kontinuerlege vilje og kraft ville alt falle tilbake i intet. Dette er eit uttrykk for «creatio continua», der skapinga ikkje

berre er ein handling i tid, men ein pågåande prosess der Gud konstant gjev alt si eksistens. Gud er både årsaka til tilværet og den som opprettheld alt i augeblikket.

Dette er tydeleg også i Luthers forklaring i katekisme: *«Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar. Han helt alt dette ved lag og gjev meg kvar dag det eg treng for å leve».*

Guds forhold til tida

Guds skaping vert også forstått i lys av Hans evigheit. Gud står utanfor tida, og difor kan Hans skapingsverk ikkje avgrensast til eit augeblink i historia. Dette perspektivet gjer det mogleg å sjå på skapinga som ein dynamisk prosess. Guds skaping er ei evig realitet, og dette gjeld også for universets kontinuerlege utvikling. I Kolosserbrevet 1,16-17 står det at *«For i han vart alt skapt, i himmelen og på jorda, det synlege og det usynlege ... ved han og til han er alt skapt. Han er før alt, og i han blir alt halde saman».* Her vert Kristus omtala som den som ikkje berre er opphavet til skapinga, men som også opprettheld alt.

Skapinga og frelse

Ein viktig implikasjon av trua på Guds kontinuerlege skaping er forståinga av frelse som ei skapingshandling. I 2. Korintarbrev 5,17 står det: *«Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til!».* Frelse i Kristus inneber at den truande vert ein del av ei ny skapning. Denne frelsesakten, gjennom Heilagandens verk, er ei form for kontinuerleg skaping, der Gud fornyar og transformerer menneske og heile kosmos.

Guds nærvær i skapinga

Guds kontinuerlege skaping inneber også Hans nærvær i heile skaparverket. Gud er ikkje ein fjern skapar, men ein som aktivt er til stades i verda. Denne forståinga finst også i Johannesevangeliet, der det står at *«Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til i han, var liv, og livet var lyset for menneska».* (Joh 1,3). Gjennom Kristus, Guds Ord, er det skapinga kontinuerleg får sin eksistens og oppretthaldast.

Skapar av himmel og jord

Som vi har sett, bruker bokmålsforma av apostolicum formuleringa «himmelens og jordens skaper», medan nynorsk bruker «som skapte himmelen og jorda». Det kan hevdast at bokmålsversjonen sin ordlyd er meir aktiv, at den peikar på og framhevar Guds storheit i at Gud ein gong skapte, men held fram med å gjere dette.

Bokmålsforma seier noko om Gud som aktiv skapar. Han skapte himmel og jord og er ikkje ferdig med si gode gjerning. Om vi ser rundt oss, skapar han framleis – kvart år, kvar dag og kvar time. Mange vil kanskje påstå at det er eit slikt Gudsbilete Bibelen ynskjer å formidle. Ein Gud som aktivt tek del i skaparverket og skapar kvar einaste dag.

Med dette som blick blir den nynorske teksten noko meir «flat» og passiv i ordvalet. Her kan ein tenkje at teksten ikkje framhevar Gud som aktiv skapar. Gud blir meir passiv i skapinga, ja, han trekkjer seg tilbake etter å ha skapt. Altså ein deisme. Deisme som religiøs tru hevdar at ein gud eller høgare makt skapte universet, men etter skapinga ikkje lenger grip inn i verda eller påverkar menneskelege handlingar.

Dette er ein måte å lese dei to omsetjingane på. Men samtidig kan ein meine at nynorskversjonen nyttar ein meir aktiv verbform («skapte»), medan bokmål bruker ein substantivform («skaper»). Denne forskjellen kan peike på nynorskens tendens til å vere meir direkte og handlingsorientert i sin grammatikk. Dette synspunktet kjem godt fram i Språkrådets utgreiing av saka. Der skriv dei:

«Som vi skal se, er det godt bibelsk grunnlag for den verbale formuleringen «som skapte himmelen og jorda». Hvis den er flat eller uverdigg, må man nesten si det samme om selve Bibelen.»

Nynorsk viser altså ein tydeleg preferanse for verbal uttrykksmåte. Til dømes ville ein på nynorsk normalt unngå formuleringa «vi vil understreka viktigeita av lesing av Bibelen» til

fordel for «vi vil streka under kor viktig det er å lesa Bibelen». Problemet her ligg ikkje i bruken av verbalsubstantivet lesing, som i seg sjølv er korrekt nynorsk. Utfordringa oppstår når overdriven substantivbruk fører til unaturleg eller uidiomatisk nynorsk. Valet mellom former som lesing, lesar, eller å lesa, bør difor styrast av tradisjonen innan målspråket og konteksten i den norske teksten. Dette prinsippet gjeld også for former som skaping, skapar, og å skapa – skaper – skapt.

Språkrådet legg fram ein argumentasjon som fokuserer på bibelspråket og omsetjinga av frasar derfrå. Sjølv om dette er viktig, utgjer det ikkje nødvendigvis eit tungtvegande argument mot å endre omsetjinga. Det har vore mange endringar i bibeltekstane i Noreg dei siste 25 åra, inkludert fleire revisjonar av bønna «Vår Far». Sjølv om slike endringar kan verke uvande i starten, viser erfaringa at dei raskt blir ein del av det felles liturgiske uttrykket.

Vidare høyrer bibeltekstane til ein annan språkkategori enn Apostolicum og Nikenum. Til dømes er ikkje «catholicam» eit bibelsk omgrep; vi har omsett det med «allmenn» i staden for «katolsk», slik den lutherske kyrkja i USA har gjort, eller «alminneleg», som er endå fjernare frå den bibelske språkbruken.

Derimot kan «skapar av himmel og jord» reknast som ei teologisk forsvarleg samanfatting av det bibelske bodskapen og ei tydelegare og meir direkte omsetjing av språkbruken i truedkjenninga sin originaltekst, som jo er ei samanfatting av den bibelske trua. Det kan òg påpeikast at det tidlegare har vore mindre justeringar i omsetjinga av Apostolicum.

Eit anna argument for å tilrå ei omsetjing av den fyrste trusartikkelen er at mange deltek i gudstenester i ulike kyrkjer og dermed møter både nynorsk og bokmål. Det finst òg mange døme på at både nynorsk og bokmål blir brukt i same gudsteneste, noko som tydeleg kjem til uttrykk i salmane, der tekstar på begge målformer førekjem. Difor er likskap i eit sentralt uttrykk som den fyrste trusartikkelen eit vesentleg poeng. At det er ulike ord ellers mellom bokmål og nynorsk, er ikkje problematisk.

Ny omsetjing

Det er altså eit behov for å unngå ein for stor skilnad på teksten i bokmålsversjonen og nynorskversjonen av truedkjenninga. Dette for å styrkje ei oppleving av at ein framseier den same truedkjenninga på begge målformer. Derfor er det hjå enkelte eit ynskje om å endre nynorskomsjetjinga.

Den latinske teksten lyder «*Credo in Deum, Patrem omnipotentem, Creatorem caeli et terrae*».

Dersom det er ønskjeleg å gjere ei ny omsetjing av første trusartikkel, kan dette til dømes gjerast slik:

«Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord»

Tilrådingar frå Språkrådet

I utgreiinga av denne saka har det blitt innhenta synspunkt frå Språkrådet. Språkrådet har gjort eit omfattande arbeid og utgreidd saka grundig, både ut frå eit språkleg perspektiv, men også med tydelege teologiske referansar.

Språkrådet tilrår ikkje endring av omsetjinga i truedkjenninga. Dei skriv:

«Den apostoliske trosbekjennelsen på nynorsk skiller seg fra både originalteksten og alle oversettelser vi har sett, ved at Gud ikke omtales ved hjelp av en «utøverbetegnelse» (nomen agentis) avledet av verbet skape. I stedet for substantivet skaper (der latin har substantivet creator) finner vi en aktiv relativsetning som omtaler skapelsen i preteritum. Dette syntaktiske valget har blitt framstilt som «fortelling» (om fortida) på bekostning av «bekjennelse» eller til og med som «flatt».

Språkrådet mener det beste er å la den nynorske formuleringen stå. Den er innarbeidet, den har solide paralleller i bibelspråket, og den harmonerer med stilidealet i nynorsk.

Når formuleringen «som skapte ...» har stått ved lag i en tekst i over hundre år og er kjent og kjær for mange, er dét dessuten et moment i seg selv. Det bør ikke gjøres endringer i innarbeidet tekst med mindre endringene representerer klare framskritt. Både små, hyppige og lite motiverte endringer skaper pedagogiske problemer. Hvis det var formuleringen «skaparen av himmelen og jorda» som var innarbeidet, burde nok heller ikke den ha blitt skiftet ut, i alle fall ikke alene. Det er best å justere slike detaljer som ledd i en mer helhetlig gjennomgang».

Anbefalingar frå Nemnd for gudstenesteliv

Bispemøtet bad Nemnd for gudstenesteliv om Nemndas syn på denne saka. Nemnda drøfta saka i sitt møte i september 2023. Nemnda uttrykker forståing for det som i saka er lagt fram, og at nynorskomsetjinga kling annleis enn bokmålversjonen.

I sitt vedtak skriv nemnda:

Nemnd for gudstjenesteliv har følgende innspill til Bispemøtets behandling av saken:

- *Det poenget som løftes frem i brevet til Bispemøtet er et godt poeng.*
- *Apostolicum leses ofte i gudstjenesten, men en språklig endring som foreslått vil ikke vanskeliggjøre det å messe eller syngje trosbekjennelsen.*
- *Trosbekjennelsenes innhold er viktigere enn hensynet til trykking av nye bøker.*
- *Problemstillingen som løftes frem er først og fremst et språklig uttrykk som kan, men ikke må, få teologiske implikasjoner.*
- *Dersom Bispemøtet velger å gå inn i språket i trosbekjennelsene, vil det være lurt å også se på helheten i trosbekjennelsen.*
- *Lang tradisjon for ett språklig uttrykk i trosbekjennelsen er ikke et hinder for å endre språket. Det vil være viktig å vurdere hvordan en endring blir opplevd.*

Som vart avla ved Den heilage ande

I det vidare vil vi drøfta omgrepet «avla» i truedkjeninga andre artikkel: «Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande».

I dette arbeidet med omsetjinga av truedkjeninga, er det løfta fram at ein også bør sjå på andre formuleringar i truedkjeninga som kunne ha behov for å bli endra. Det har kome innspel om at ordet «avla» har ein foreldra klang i våre dagar. Ein kan kanskje seie at ordet «avla» gjennom åra har blitt «okkupert» av språket innan husdyrhald. Det er i den sektoren det i hovudsak blir brukt no. Ingen foreldre i noko nynorsk-distrikt vil i dag truleg snakke om at barnet deira er 'avla'. Det er derfor eit ynskje her om å drøfte ordbruken for å utgreie moglegheitene for ei anna omsetjing.

Ny omsetjing

Dersom ein skal forlate ordet avle og finne ei anna omsetjing av truedkjeninga si andre artikkel, vil ein truleg ynskje å nytte bokmålsordet «unnfanget». Dersom dette skal brukast på nynorsk, må det heite «unnfanga». Altså bokmålsordet med nynorsk ending. Ordet «unnfanga» finst ikkje i den nynorske ordboka, og ein må evt. sjå på moglegheita for å få dette ordet normert.

Dersom argumentasjonen for å fråvike ordet «avla» på nynorsk er at ingen bruker det i omtale av å «avle barn», vil den same argumentasjonen truleg også kunne brukast om ordet «unnfanga». Det er nok heller ikkje mange foreldre som på bokmål omtaler at dei har «unnfanga» sitt barn.

Ein annan mogleg omsetjing kan vere: «vart til». Altså: «Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne son, vår Herre, som vart til ved Den heilage ande».

Bibelomsetjinga

Språkrådet har også sett på bibelomsetjinga frå 2011 og viser til at omgrepet «unnfanga» har kome inn. Dette er vidareført i 2024-oversetjinga.

«Den viktigste observasjonen er at Jesus fremdeles i 2011 er avlet «i» Maria og er «av» Den hellige ånd (Matt 1,20). Den nest viktigste observasjonen er at helt andre uttrykk enn avle og unnfange ofte er brukt om det samme. I fosterperspektiv: bli til (i mors liv). I foreldreperspektiv: venta barn, bli med barn, bli svanger, bera på, bera fram, gje livet, bli far til, få. Sett utenfra, i ettertid: kom, ætta/stamma.»

Vidare gir Språkrådet ei grundig gjennomgang av ulike bibelstader der omgrepet «unnfanga» er brukt på ulik måte i bibelteksten.

Anbefalingar frå Språkrådet

Også i denne samanhengen har Språkrådet vore konsultert. Språkrådet har levert ei omfattande utgreiing av omgrepet «avla», både språkleg analysert og teologisk forankra. Blant anna drøftar utgreiinga korleis Jesus blei til i Maria, biologisk sett – «reelt» og språkleg. Dette mellom anna for å finne ut av kva som er rettast å kalle det som skjedde i Marias liv når den heilage ande avla Jesus i henne. Språkrådet har også sett nærare på omgrepa «unnfanga» og «avla» i bibelomsetjing. Dette i tillegg til ei språkleg analyse av omgrepa.

I deira oppsummerande konklusjon heiter det:

«Det ville vært ideelt om trosbekjennelsen kunne følge ordvalget i Bibelen der det var naturlig. En mulig konklusjon er da: Unnfange er tatt inn i Bibelen på nynorsk, og dermed må det naturligvis kunne brukes i trosbekjennelsen. Men det er i enkleste laget. 2011-oversettelsen inneholder (...) merkelige stilbrudd og inkonsekvenser. Dessuten er avle beholdt i det mest relevante verset, Matt 1,20.

Hvis vi skal ta utgangspunkt i bibeloversettelsene, medregnet den nyeste, er det altså mer som taler for å beholde avle enn for å gå over til unnfange.

En mulighet er å velge noe annet enn både unnfange og avle. Vi foreslår, med alle mulige forbehold: «vart til (menneske)».

For ordens skuld kan vi legge til at omgrepet «avla» også er i bruk i Matt 1,20 i 2024-oversetjinga av Bibelen.

Anbefalingar frå Nemnd for gudstenesteliv

Bispemøtet bad Nemnd for gudstenesteliv om Nemndas syn på denne saka. Nemnda samtalte om den framlagte problemstillinga frå Bispemøtet og var mellom anna oppteken av:

Behovet for revisjon

Det er vanskelig å se noe akutt behov for revisjon og skal mye til for å endre noe som er såpass godt innarbeidet som språkbruken her. Kirken står i en kontinuering kommunikasjonsutfordring, og endring kan være viktig selv om det er vanskelig å se for seg på forhånd. Dersom en skal sette i gang en revisjon av teksten i Apostolicum vil det fort bli behov for å se på hele teksten – både på bokmål og nynorsk.

Språkrådets arbeid

Flere i nemnda uttrykte at Språkrådets arbeid var grundig og spennende og kan åpne en skolerende samtale. Nemnda har stor forståelse for språkrådets konservative konklusjon.

Ord og mystikk

I sin uttalelse er språkrådet opptatt av at språket som brukes skal gi mening og noen i nemnda mener at dette kan få for stor plass i nemndas uttalelse; det er greit å ikke forstå alt språket i kirkens liturgi. Det kompliserte med at Maria blir mor lar seg ikke løse med ord. Som kirke lever vi med en arv der bibeltekstene ikke løser problemer for oss, og språket kan heller ikke løse dette.

Skal vi si noe om hva som er forskjellene på hvordan Jesus ble unnfanget og hvordan vi blir unnfanget? Apostolicum ble til i en tid da de som formulerte den ikke

visste om kvinners bidrag ved unnfangelsen. Samtidig er Marias bidrag i Jesu identitet viktig i flere av bibeltekstene.

Det kan høres ut som at Jesus blir halvt Gud og halvt menneske, og det blir et poeng å ikke løse Jesu identitet på denne måten. Mystikken trenger ikke og skal ikke tas bort. Det konkrete og det mystiske er ikke motsetninger, men kan fungere godt.

Alternative formuleringer

Avla

«Avla» er et ord med mye kraft i. Det kan gi assosiasjoner til produksjon og til overgrepsmetaforikk langs linjer som «ansvar» og «vær fruktbare og bli mange».

Selv om det også er et ord som ikke brukes veldig mye i dag, og kanskje enda mindre eller ikke i det hele tatt om ti år, er det lang tradisjon for å bruke det nå. Det at «avla» er veldig konkret er også i tråd med andre konkrete og heftige metaforer i bruk i det liturgiske språket, som f.eks. ofring av lam.

Unnfanga

«Unnfanga» er ikke et veldig godt ord i denne sammenhengen – verken på nynorsk eller bokmål – og det er lite hensiktsmessig å bytte ut et virkelig nynorsk ord med et bokmåls-alternativ som ikke er særlig godt. Noen i nemnda var også opptatt av at de liturgiske tekstene ikke bør bruke samnorsk. Nemnda ønsker ikke å bruke «unnfanga».

Vart til

«Vart til» er et alternativ som kan fungere godt og ligger tett opptil den sørsamiske versjonen av Apostolicum. Uttrykket kan imidlertid indikere en start; hvor var Jesus før han «vart til»? Det er et poeng å holde åpent at Jesu tilblivelse ikke skjedde på ett punkt. «Vart til» kan også oppfattes som en omskriving av typen «gikk bort».

Andre alternativer

Det er krevende å finne andre gode alternativer enn de som er nevnt her.

Nemnd for gudstenestelivs vedtak

Nemnd for gudstjenesteliv har drøftet problemstillingen rundt ordet «avla» i den nynorske oversettelsen av Apostolicum. Nemnd for gudstjenesteliv takker språkrådet for deres uttalelse og slutter seg til mange av de vurderingene som er gjort der.

Nemnda har følgende innspill til Bispemøtets behandling av saken:

- Nemnda vil påpeke at det ikke er en motsetning mellom det konkrete og det mystiske i språket.
- Av de alternativer som nå foreligger, vil Nemnd for gudstjenesteliv ikke anbefale «unnfanga», mens det er argumenter for både «avla» og «vart til». Uttrykket som er brukt i den sørsamiske Apostolicum ligger tett opptil «vart til».

På det grunnlaget som nå foreligger, mener Nemnd for gudstjenesteliv at det ikke er noe akutt behov for endring av ordlyden i Apostolicum på dette punktet og nemnda vil mane til forsiktighet i endring av denne typen liturgiske tekster.

Økonomiske/administrative konsekvenser

Ei omsetjing av truvedkjenninga vil medføre utgifter på fleire ulike måtar. Dersom ein vedtek ei endring, vil dette medføre utgifter til språkomsetjar. Det vil òg vere behov for nytt opptrykk av trykksaker der truvedkjenninga på nynorsk er publisert. Samstundes kan det anførast at det ikkje er like mange som før som kan Apostolicum utanat. Difor er det, nesten utan unntak, alltid ein tekst som er trykt i agendane som blir delte ut i gudstenesta. Ei endring vil difor vere enkel og ikkje så kostnadskevande i lokalt i sokna. Dei nynorske kyrkjelydane kan òg leggje inn ei retting i sine agender for gudstenestene, og det kan publiserast rettingar til bruk i gudstenestebøkene utan store kostnader.